

**RETNINGSLINER FOR KUNSTNARISK UTSMYKKING AV
OFFENTLEGE UTEROM I VINJE KOMMUNE
OG
RETNINGSLINJER FOR INNKJØP, GÅVER OG PlassERING .**

Vedtak i Vinje Formannskap 16.08.2007



KUNSTNARISK UTSMYKKING I OFFENTLEGE UTEROM I VINJE KOMMUNE. RETNINGSLINJER VED INNKJØP OG GÅVER.

1. Mål

Målsettinga for retningslinjene er å sikre kunstnarisk kvalitet og god plassering av kunstverk i offentlege uterom.

Gjera kommunane bevisste på val av kunst ved innkjøp og plassering av kunst ved innkjøp, samt val og plassering ved gåver og donasjonar. Og oppfordre til bruk av kunstnariske konsulentar, oppnemnt av RSU, kvar gong det er planar om innkjøp eller gåve for å kvalitetssikre kunstverk og plassering.

2. Omfang

Retningslinjene omfattar alle former for plassering av kunstverk i offentlige uterom – enten det dreier seg om kunst som vert laga spesielt for staden eller ferdig laget kunst.

Med "det offentlige uterom" meinast i denne samanheng:

- Utandørs offentlege plasser. Det vil sei plassar som nyttast til offisielle seremoniar, eller som ligg i tilknytning til offentlege bygg.
- Plassar som nyttast i kulturelle samanhengar, som muse og idrettsanlegg.
- Plassar for rekreasjon, som parkar og grønne lungar.
- Plassar som nyttast til handelsverksemd og messer eller liknande.
- Kyrkjegardar
- Kommunikasjonsareal, som vegar, busstorg og togstasjonar.

3. Overordna plan

Kunstverk i uterom skal ikkje vera i strid med kommunens overordna planar. Dersom det er utarbeid ein estetisk plan for kommunens offentlege uteareal, bør kunstverket sin kunstnariske kvalitet og plassering vera i tråd med denne.

Det bør utarbeidast ein heilskapeleg estetisk plan for kommunens offentlige uteareal, som rullerast i tråd med andre overordna planar i kommunen.

Det bør og leggast vekt på kunstnarisk kvalitet, variasjon, mangfald og nyskapning.

4. Val av plassering for kunstverk

Det bør velgast stader der mange menneske har glede av eit kunstverk, samtidig skal plasseringa ivareta kunstverket. Slik at kunsten vil komme til sin rett. Det er også viktig å ta omsyn til i kva for ein samanheng kunstverket vil bli opplevd i og kva kunstverket tyder for dei som oppheld seg der. Det er viktig å ha ein bevisst haldning til plassering. Før endelig val av plass for kunstverket, skal det undersøkast om det ligg føre planar som har noko å sei for plasseringa.

Kommunen kan ikkje gi ein garanti for at kunstverket skal ha same plassering for all framtid. Ein givar kan foreslå ein eller fleire alternative plasseringar for kunstgåva, men kan ikkje sette som vilkår at kunstgåva skal gjevast ein spesifikk plassering. Givar kan heller ikkje sette som krav at kunstverket skal ha same plassering for all framtid.

Ved val av plasseringa for kunstverket skal det nyttast kvalifiserte personar som rådgivarar. Plasseringsdiskusjonen bør vera ein del av prosessen knytt til kjøp av kunst og ved gåver / donasjonar.

5. Prosessen knytt til kjøp av kunst og mottak av gåver / donasjon

For større kunstinnkjøp som utsmykking:

Etter modell frå utsmykkingsordninga vert det nedsett ein komité sett saman av arkitekt og/eller landskapsarkitekt, representantar frå kommunens folkevalte og aktuelle brukargrupper, kunstnarisk konsulent, som vert oppnemnd av RSU, representant frå planavdelinga og sekretær frå kommunens kulturavdeling som er kjent med utsmykkingsordninga.

Når viktige plassar skal utsmykkast, og det er store utsmykkingar som vert planlagt, bør konkurranse vurderast.

For mindre kunstinnkjøp som utsmykking:

Kommunen vil ved innkjøp av kunstverk for eksempel frå utstillingar konsultere RSU, eventuelt få oppnemnt ein kunstnarisk konsulent som rådgivar, både i høve til kunstnarisk kvalitet og for plassering av kunstverket.

Gåver og donasjonar:

Kommunen vil ved gåver og donasjonar konsultere RSU, eventuelt få oppnemnt ein kunstnarisk konsulent som rådgivar, både i høve til kunstnarisk kvalitet og for plassering av kunstverket. Givarens namn skal oppgis dersom denne ønskjer det.

Kommunen kan takke nei til kunstgåver dersom gåva ikkje held den kunstnariske kvaliteten som er ønskelig, eller dersom det ikkje fins ein eigna stad for gåva.

6. Politisk behandling

Oppvekst- og velferdskomiteen har endelig avgjerdsmynde i saker som gjeld kunst i offentlige uterom. Den stiller også med representant i komiteen.

7. Forvaltningsansvar

Kunst i offentlige rom utgjer i dag Noregs største og best besøkte kunstsamling.

Offentlig utsmykking representerer store kulturelle og økonomiske verdiar, og det er viktig at desse kunstverka blir ivaretatt på best mulig måte. Kunstverka er plassert der folk ferdast, og over tid vert dei utsett for betydelege påkjenningar. Både den fysiske tilstanden til det enkelte kunstverket og kvaliteten på omgivingane er avgjerande for korleis dei står fram for offentlegheita.

Kven eig kunsten og kven forvaltar den?

All kunst som kommunen får gjennom innkjøp og gåver/donasjonar eig kommunen. Den kulturfaglige eininga i kommunen har ansvar for å drifte prosessen knytt til kjøp, om det er innkjøp eller gåver/donasjon. Når kunstverket er plassert er det den teknisk-faglige eininga i kommunen som har det vidare forvaltningsansvaret.

Viss det er ei verksemd som disponerer kunsten, har denne det laupande ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald. Det inngåas ein brukaravtale med den eininga som skal ha forvaltningsansvaret for kunstverket. Brukaravtala skal vera i tråd med tilrådingar frå Utsmykkingsfondet.

Brukaravtale

Med avtala følgjar ein vedlikehaldsinstruks, og informasjon om opphavsrettslig vern av kunstverk. Brukaravtala skal sikre at kvaliteten på kunstverka og deira nære omgivingar vert oppretthalden, og regulerer ansvarstilhøvet mellom kommunen og verksemda. Ved skade, tjuveri, flytting etc. av kunstverk skal brukar etter brukaravtala gi melding til kommunen. Dette kan gjerne gjerast på eige skjema.

Opphavsrett

Kunst i offentlig rom er underlagt opphavsrettslig vern etter Åndsverklova av 12.05.1961.

Dokumentasjon

Det vil vera høveleg å dokumentere all kunst i offentlig rom. Dokumentasjonen, nummerering, tekst og foto av kunstverket, gir kommunen oversikt over verdiane kommunen eig, både økonomisk og kunstfaglig. Vidare vil dokumentasjonen kunne brukast i formidlinga av kunst i offentlige rom, både til skolar og til befolkninga. Dokumentasjonen kan leggast inn i arkivet til RSU Telemark.